



MØTEPROTOKOLL

UTVAL: Råd for funksjonshemma

Møtestad: Kommunestyresalen - Combisenteret, Fiskå

Dato: 23.02.2018

Møtet tok til 12:00

Møtet slutta 14:10.

Møtet var innkalla ved utsend sakliste datert 14.02.2018.

Bjarthild Slagnes leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjarthild Slagnes	Leiar	NHF Vanylven
Målfrid Rindal	Nestleiar	NHF Vanylven
Tor Sæther	Medlem	NHF Vanylven
Ottar Jan Løvoll	Medlem	Kommunal medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddrun Eikrem	Medlem	Norges Blindeforb.

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Harald Osnes	Oddrun Eikrem	NHF Vanylven

5 av 5 medlemar møtte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Arnhild Nordaune	Kommunalsjef helse- og omsorgssektor
Kåre Kvangarsnes	Møtesekretær.

Dessutan møte siv.ing. Helge Kleppe, teknisk sektor, under orientering om tettstadutvikling, vegutbetring, vatn- og avløpssanering Fiskå sentrum.

Tor Sæther fekk innvilga permisjon etter sak 04/2018.

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

6143 Fiskå, den

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
PS 1/2018	Godkjenning av innkalling / godkjenning av møteprotokoll frå siste møte
PS 2/2018	Skriv og meldingar Utbetring Fiskå sentrum: Avløpssanering og vegutbetring. Orientering. Møteprotokoll 16.11.2017 fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma Møteprotokoll 22.01.2018 fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma
PS 3/2018	Helse- og omsorgsplan mot 2030 og temaplan eldre: Val av representant til plangruppe
PS 4/2018	Legeplan Eventuelt

PS 1/2018 Godkjenning av innkalling / godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

VEDTAK:

Innkallinga og møteprotokoll frå siste møte vart godkjend.

PS 2/2018 Skriv og meldingar

Handsaming:

Møteprotokoll 16.11.2017 fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma.

Ottar Jan Løvoll tok opp sak 25/2017 Avvikling av trykte rutehefter – digitalisering av rutehefta.

Møteprotokoll 22.01.2018 fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma.

Ottar Jan Løvoll tok opp sak 1/2018 Fylkesplanen – innspel til handlingsprogram; særleg punktet der ein understrekar at det må vere ei prioritert oppgåve for fylkeskommunen å redusere fråfall av funksjonshemma elevar i vidaregåande skule.

Siv.ing. Helge Kleppe, teknisk sektor, orienterte om tettstadutvikling, vegutbetring, vatn- og avløpssanering Fiskå.

Tor Sæther understreka at råd for funksjonshemma må involverast meir i slike prosjekt.

VEDTAK:

Framlagde skriv og orientering vart teke til vitande med slikt tillegg:

Vanylven råd for funksjonshemma registrerer at det vert arbeidt godt i fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma, og at ein kan ta kontakt med fylkesrådet dersom ein finn det naudsynt.

Vanylven råd for funksjonshemma bed om at rådet får uttale seg på eit tidleg stadium i planprosessar og utbyggingsprosjekt.

PS 3/2018 Helse- og omsorgsplan mot 2030 og temaplan eldre: Val av representant til plangruppe

Handsaming:

Det vart gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Råd for funksjonshemma utnemner Målfrid Rindal som representant til plangruppa.

PS 4/2018 Legeplan

Tilråding:

Temaplan for legetenesta vert vedteken med dei mål og tiltak som skisserast. Rådmannen skal sørge for at følgjande tiltak gjennomførast i planperioden.

- 1.
- 2.
- 3.

Handsaming:

Det vart gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Råd for funksjonshemma tilrår:

Temaplan for legetenesta vert vedteken med dei mål og tiltak som er skisserte, med desse tilleggga:

1. Samarbeid lege – pasient
2. Sikre kvalitetskontroll ved tilbakemelding på prøvesvar
3. Sikre beredskapsferje på Koparnes.

Eventuelt:

Nestleiar Målfrid Rindal tok opp sak vedk. bytte av ambulanse ved transport til sjukehus m.m. Rådet vart samde om slikt vedtak som vert sendt til Helse Møre og Romsdal:

Råd for funksjonshemma i Vanylven har fått fleire tilbakemeldingar på fleire ambulansebytte-situasjonar på veg til sjukehus.

Rådet bed om at desse rutinane vert endra.

Leiar Bjarthild Slagnes tok opp følgjande:

Kant i inngang til Combisenteret, ved kontoret til Vanylven Utvikling AS, som gjer inngangen vanskeleg tilgjengeleg for m.a. rullestolbrukarar. Kanten må fjernast.

Toalett i andre etasje: Lysbrytar og toalettpapir er plassert for høgt oppe på vegg.

Møtedagar resten av året. Ynskje om månadlege møte. Bør unngå fredag som møtedag.

Det vart semje om at onsdag kl. 11.00 vert møtedag.

Neste møte vert 11. april. Då vert det lagt fram sak om møteplan for resten av året.

Kommunalsjef Arnhild Nordaune orienterte om arbeidet i helse- og omsorgssektoren; m.a. følgjande:

Kvardagsmeistring, der ein deltek i prosjektet «Multisjuk pasient»:

Brukarretta tenester, kva er viktig for pasienten? Brukarmedverknad.

Ergoterapeut er tilsett – tek til i jobben 1. september.

Hjelpemiddeladministreringa er flytta til Stenbakken.

Prosessar saman med Herøy og Sande vedk. barnevern og Nav – interkommunalt samarbeid.

Rett utskrift 02.03.2018

Kåre Kvangarsnes